

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	17.10.2022
Vår referanse	2022/55020-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Orienteringsreferat – Områdeplan Kaland – Fønnes – Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune viser til dialogmøte datert 14.10.2022 med Austrheim kommune. Til stades på møtet var Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune, samt Kari Elster Moen, Tor Steinar Høyland og Andreas Sivertsen Våge frå Vestland fylkeskommune.


Tilbakemelding:

1. Vestland fylkeskommune ytra ynskje om å inkludere avkøyrse til eksisterande busetnad (BF1) i planen, og eventuelt sanere avkøyrse. Og med dette føre eksisterande busetnadar inn på ny veg internt i området. Vestland fylkeskommune og Austrheim kommune blei einige om å la avkøyrse vere utanfor planen. Derimot skal det setjast føresegn om at ikkje fleire enn 10 bustadar kan bruke den eksisterande avkøyrse frå eksisterande busetnadar på BF1. Dette grunngjevast med at det blir krav om kryssløysing ved ein ÅDT (årsdøgntrafikk) over 50 i sekundærveg, som vil seie 10 bustadar.
2. Vestland fylkeskommune fryktar villkryssing på staden slik som planen er i dag. Vardebrua lenger vest blir for langt unna for at barn vil gå bort dit for å kryssa vegen. Det same gjeld gangbrua som er regulert aust i planen. I reguleringsplanen *Kaland skule og barnehage* med PlanID: 12642017002 er det regulert inn en kulvert som går under fylkesvegen slik Vestland fylkeskommune ser det. Denne kulverten ville vært den beste løysninga for å sikre trafikktryggleiken på staden og tiltaket setjast som eit rekkjefølgjeføresegn før igangsetjingsløyve for utbyggingsområdet. Det er mange eksempel på kor villkryssing har ført til alvorlege trafikkulykker. Fylkeskommunen meiner med den forventande aukinga av trafikken på staden som følgje av utbygging av bustader, vil det vere fare for det same her. Austrheim kommune har i eit tidlegare møte med fylkeskommunen ytra at dei set trafikktryggleik høgt, spesielt for mjuke trafikantar. I møtet var det særleg fokus på kryssingspunkt for born som skal krysse vegen når dei skal til, eller frå skulebussen.

Vestland fylkeskommune skal få ettersendt tekniske vegteikningar av kulverten frå Austrheim kommune.


3. Vestland fylkeskommune og Austrheim kommune blei einige om å flytta det som er oppført under rekkjefølgjeføresegn 6.2.1 frå «før bygning blir teken i bruk» til «før igangsetjingsløyve for ulike utbyggingsområde»
4. Kantsteinen på haldeplassen til bussen skal vinklast mindre, slik at heile bussen kjem inntil kantsteinen (sjå bilete under). Dette er grunngjeven med eit ynskje om universell utforming.

Det er viktig at baksikta, samt sikta frå krysset blir ivaretatt med denne endringa. Ei løysing på dette kan være å flytte busstoppet lenger nord eller vest.




Bilete 1: Rød strek indikerer mindre vinkling av kantstein på busstopp, slik at heile bussen kommer inntil kantsteinen.

5. Det manglar nokre mål på den vegteknisk teikninga. På refugen med overgangsfelt manglar det mål som viser kor brei den er på det smalaste. Det er teikna inn 3 meter på det breiaste. Minimumskravet for breidde for refugar med overgangsfelt er 2 meter. Dette er for å sikre at alle brukargrupper har moglegheit til å stoppe trygt på refugen.




Bilete 2: Refuge med overgangsfelt.

Trafikkøya til venstresvingefeltet manglar mål. Ifølge berekningsmodellen til Statens Vegvesen vil krava til lengda på L1 og L2 (sjå bilete 4) vere 15 meter og 15 meter. L2 kan sjåast ut som er litt kort i teikninga som er sendt oss.



Bilete 3: Trafikkøy venstresvingefelt.



Bilete 4: Utklipp frå berekningsmodellen til Statens Vegvesen.

Fylkeskommunen ber om utsett frist i dialogperioden:

Vi viser til at frist for innspel til planarbeidet var tema i møtet. Det vart avtalt at fylkeskommunen skulle få utsett frist, slik at vi kunne gjennomføre dialogen om punkta som er lista opp i dette brevet. Vi ber om å få dette stadfesta av kommunen.

Med helsing

Kari Elster Moen
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Cathrine Gunn Grasdahl

Njøsavegen 2